

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 18.10.2005
Sakshandsamar: Helge Bryne
Saka gjeld: **Pålegg frå Arbeidstilsynet, Kreftavdelinga post 1 Haukeland Universitetssjukehus**

Styresak 096/05 O

Styremøte 27.10. 2005

Bakgrunn

Helse Bergen HF har fått vedlagte pålegg frå Arbeidstilsynet, dagsett 16.september 2005. Pålegget gjeld bygningsmessige tilhøve ved post 1 ved kreftavdelinga og dei konsekvensane tilhøva har for arbeidsmiljøet ved posten.

I handsaminga av saka i styremøte 13.10.2005 fatta styret i Helse Bergen følgjande samrøystes vedtak :

1. *Pålegg frå Arbeidstilsynet, Kreftavdelinga post 1 og Føretaksleiinga si vidare behandling av saka vert tatt til orientering.*
2. *Pålegget frå Arbeidstilsynet vert ikkje påklaga til Direktoratet for Arbeidstilsynet*
3. *Naudsynte justeringar i drifta og mindre bygningsmessige tiltak vert gjennomførde innan den gitte fristen.*
4. *Styret ber administrerande direktør vurdere om ny sengepost for post 1 ved kreftavdelinga kan byggjast som ein del av Parkbygget. Det må i den samanheng nærare utgreiast om nokre av dei funksjonane som no er inne i parkbygget (kontor, dagavdeling) kan plasserast i noverande lokale til post 1 ved kreftavdelinga.*

Når det gjeld dei kortsiktige tiltaka, vart det frå styret i Helse Bergen si side og lagt vekt på å sikre ein god dialog med arbeidstilsynet for å finne gode løysingar.

Nye midlertidige lokale vil bli vurdert lagt inn i planlagt nybygg – ”parkbygget”.

Kommentarar

Dei løysingar ein no legg opp til må vurderast som tilfredstillande ikkje minst i lys av den nære dialog ein vil ha med Arbeidstilsynet og dei tilsette.

Forslag til vedtak:

Styret tek saka til orientering.

Vedlegg:

1. Pålegg frå Arbeidstilsynet, dagsett 16.09.2005 – Pålegg vedr. post 1 ved avdeling for kreftbehandling og medisinsk fysikk
2. Styresak 76/05 D frå Helse Bergen HF – Pålegg frå Arbeidstilsynet – Kreftavdelinga post 1